

Deler gleda ved musikken

Fredag let ein meister på orgel musikken fortella.

■ ARVID HORPESTAD

– Ein konsert kan teknisk sett vera så perfekt som mogleg, men om tilhøyrarane ikkje ”gløder” etterpå og seier ”ja, dette var ei god oppleving”, er det bortkasta, seier Tim Rishton.

Med desse orda samanfattar organisten og doktoren i 1700-tals kyrkjemusikk sin musikalske grunnfilosofi. Og komande fredag får saudabuen høve til å oppleva orgelvirtuosen i Sauda kyrkje.

Tilhøyrarane og opplevinga

Rishton utdjuvar sin filosofi ved å fortella korleis han ønsker å invitera tilhøyrane til å vera med å oppleva musikken, dei skal ikkje berre sitta og høyra ein teknisk briljant musikk demonstrera kva ho eller han gjera på instrumentet. For Rishton er det viktig at teknikken og måten å framføra musikken på tener musikken – og ikkje omvendt.

Engelskmannen, som no bur i Bjerkeim, har alt ei lang og kritikarrost internasjonal konsert- og platekarriere bak seg. I tillegg har han mellom anna vore studiedirektør i musikk ved Universitetet i Lancaster. Her i Noreg har han mellom anna vore kyrkjemusikkonsulent i Nord-Hålogaland bispedømme og førsteamanuensis ved Høgskolen

i Tromsø. Han er òg forfattar og føredragshaldar.

Repertoaret og staden

På spørsmål om korleis Rishton førebur seg til ein konsert som denne i Sauda og korleis han vel ut repertoaret, svarar han at det sjølv sagt gjeld å øva på musikkstoffet. Men han legg òg vekt på å finna ut mykje om staden der han skal spela – om folket og om instrumentet.

– Mykje av arbeidet går ut på å velga ut ideen eller temaet for konserten.

Repertoaret er ei av dei viktigaste oppgåvene, fordi hovudpoenget i konserten er at det ikkje er organisten det skal fokuserast på, og heller ikkje instrumentet, men at dei som kjem får glede av musikken og får ei god oppleving med seg heim, svarar han.

Musikaren forklarar at han har hatt fleire samtalar med Saudas eigen organist Kjetil Øygard om kva han meiner folk vil ha glede av, og kombinerer dette med eigne opplevingar av å spela rundt på Vestlandet. Samstundes minnar han om at ein som musikkar må vera realistisk – er det fleire konsertar på ulike stader på kort tid, er det ikkje alltid mogleg å spela eit heilt nytt program kvar gong.

– Til konserten i Sauda kyrkje

fredag har eg tenkt å bygga programmet rundt eit tema, slik at programmet utgjer ei slags forteljing som kan dra folk med seg. Eg er ikkje heilt ferdig med denne prosessen ennå, så programmet er ikkje hundre prosent fastspikra. Men eg kan garantera at det ikkje vert kjedeleg, og at musikkstilen ikkje vert ”tung”, lovar Tim Rishton.

– Kva opplevingar ønsker du å formidla til saudatilhøyrarane?

– Eigentleg kan eg ikkje formidla anna enn den gleda eg sjølv har i musikken og som eg ønsker å dela med folk. Formidlinga vert derfor ”er ikkje dette her heilt vidunderleg...”, konkluderer musikaren.

Senka dørterskelen

– Ganske spesielt å få ein kapasitet som Tim Rishton til Sauda. Han er veldig publikumsvennleg og oppteken av å kommunisera med publikum, seier organist i Sauda, Kjetil Øygard, som møtte den engelske meisterorganisten då han spelte i Kirkenes medan Øygard oppheldt seg i byen.

– Eg ønsker ein ikkje så høg dørterskel til orgelkonsertar.

Orgelmusikk høyrer

rest kanskje for mange så snevert ut – og eg har veldig lyst til at folk skal få eit anna syn på det. Då trur eg Tim Rishton er ein veldig god mann til å bryta ned dei barrierane som eventuelt skulle vera mot orgelmusikk, meiner Kjetil Øygard.

arvid@ryfylke.net

„...kan garantera at det ikkje vert kjedeleg.

„...ein veldig god mann til å bryta ned dei barrierane.



KAPASITET: Tim Rishton er oppteken av å gi tilhøyrarane gode opplevingar under orgelkonserten han skal gi i Sauda kyrkje fredag.

Hårek



Pondus



MEININGS- MÅLING

Skal du feire Valentinsdag?

Gå inn på

www.ryfylke.net

og gi di stemme i vår uoffisielle meningsmåling.

